

STØTTEMUR

Send søknad til:

Bremanger kommune
Rådhuset
Postboks 104
Svelgen



6721

Kva type støttemurar er søknadspliktige og kva er unntatt frå søknadsplikt?

Når du skal setje opp støttemur er det tre ulike kategoriar som er aktuelle. Avhengig av plasseringa til støttemuren, utforminga, den maksimale høgda over terrenget og avstanden til eigedomsgrense, kan det vere at du:

1. Kan byggje utan å søkje (altså ikkje søknadspliktig).
2. Må søkje, men kan som tiltakshavar (tiltakshavar = byggherre / du som skal byggje) vere ansvarleg for søknaden og byggjearbeida sjølv.
3. Må søkje og søknaden må sendast inn av føretak som tar på seg ansvar som ansvarleg søkjar, eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som sjølvbyggjar etter byggesaksforskriften (SAK10) § 6-8. Prosjektering og utføring må gjerast av føretak som tar på seg ansvar som høvesvis ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande, eventuelt sjølvbyggjar med ansvarsrett for dette. Eventuell kontroll må bli gjort av føretak som tar på seg ansvar for kontroll. Alle føretak som tar på seg ansvar må oppfylle krav til kvalitetssikring jf SAK10 kapittel 10 og krav til utdanning og praksis jf SAK10 kapittel 11.

Her er tre tabellar med meir informasjon om dei ulike kategoriane:

1. Ikkje søknadspliktig etter <u>plan- og bygningsloven (pbl) § 20-5</u> og <u>SAK10 § 4-1</u>:	
Kva type støttemurar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
Mur mot veg, med høgde inntil 0,5 m.	Denne kan du i dei fleste kommunar setje opp utan å søkje. Høyr med kommunen før du begynner. Du bør samarbeide med naboane dine om utføringa, slik at fleire murar langs same veg blir tilpassa kvarandre.
Mur med <ul style="list-style-type: none"> • høgde inntil 1,0 m og avstand til nabogrense minst 1,0 m • eller høgde inntil 1,5 m og avstand til nabogrense minst 4,0 m. Muren må ikkje hindre sikta i frisisiktsoner mot veg. Muren skal ikkje på noko punkt bli bygd høgare enn maks tillaten høgde over terreng. Lengda på muren har ingenting å seie i denne sammenheng.	Desse murane kan du setje opp utan å søkje, dersom ikkje anna er bestemt i arealplan, som til dømes kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan. Du er sjølv ansvarleg for at tiltaket (tiltaket = det du skal byggje) følgjer føresegnene i <u>plan- og bygningsloven</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar, og andre løyve. Tiltaket må heller ikkje vere i strid med andre regelverk, som til dømes avstands- og avkøyringsreglar i vegloven eller byggjeforbodssone etter <u>jernbaneloven</u> . Muren må ikkje føre til fare eller urimeleg ulempe for omgivnadene. Pass på at krava til tryggleik på konstruksjonen blir følgde. Før du begynner å byggje rår vi deg til å informere naboane dine. Dersom du skal byggje i nærleiken av leidningar i grunnen rår vi deg til å ta kontakt med kommunen for å høyre om eventuelle

STØTTEMUR

	<p>avstandsreglar.</p> <p>Når du er ferdig med å byggje, må du informere kommunen om kva du har bygd og kvar på eigedomen det er plassert. Dette for at kommunen skal kunne oppdatere kartdata.</p>
--	---

ByggSøk

Dersom du skal setje opp støttemur som er søknadspliktig, tilrår vi at du sender elektronisk søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis og nettbasert, og du får rettleiing om utfyllinga undervegs. Ved å bruke ByggSøk får du på same tid ein kvalitetskontroll av søknaden. Mange kommunar har redusert gebyr for søknader som er sendt inn via ByggSøk.

2. Søknadspliktig støttemur som du som tiltakshavar kan vere ansvarleg for sjølv etter plan- og bygningsloven § 20-4 og SAK10 § 3-1:

Kva type støttemurar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<p>Andre støttemurar enn dei som er nemnt i tabell 1, og som etter kommunen si vurdering kjem inn under føresegna i pbl §20-4 d) «andre mindre tiltak som etter kommunens skjønn kan forestås av tiltakshaver».</p> <p>Kva type støttemurar du kan søkje om sjølv som <u>tiltakshavar</u> må du altså avklare med kommunen.</p> <p>Enkelte kommunar har retningslinjer for dette.</p> <p>Andre kommunar praktiserer til dømes at du sjølv kan søkje om støttemur med høgde inntil 1,5 m. Ein av føresetnadene er då at muren ikkje står på spesielt vanskeleg grunn og ikkje skal motstå stort jordtrykk (kjelde: SINTEF Byggforsk).</p>	<p>Dersom kommunen vurderer at muren du skal setje opp kjem inn under denne føresegna, kan du som <u>tiltakshavar</u> sende inn søknaden sjølv. Du er då ansvarleg for at tiltaket følgjer føresegnene i <u>plan- og bygningsloven</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar som for eksempel kommuneplanen sin arealplan og reguleringsplan, og andre løyve.</p> <p>Kommunen kan føre <u>tilsyn</u> og be om at du mellom anna dokumenterer korleis krava i <u>byggteknisk forskrift (TEK17)</u> er følgde opp.</p>

Send inn søknaden i eitt eksemplar. Ifølgje SAK10 § 5-4 skal han innehalde:

Søknadsblankett	nr. 5153*
Kvitivering for nabovarsel og Opplysningar gjeve i nabovarsel. Naboar og gjenbuarar skal bli varsla. Dersom det blir søkt om dispensasjon, må det bli varsla særskilt om dette. Du kan ikkje sende søknaden til kommunen før frist for nabomerknader har gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Nabovarsel – innhald og varslingsmåtar</i> ».	nr. 5155 og 5156
Eventuelle merknader frå naboar , med forklaring på korleis desse eventuelt er tatt omsyn til.	
Situasjonsplan. Kartet må vere av ny dato, og du kan bestille det hos kommunen. Plasseringa av muren må vere markert med farge på kartet, og måla på avstandar må vere sett. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Situasjonsplan – kva krevst?</i> »	
Teikningar i målestokk, t.d 1:100, eller skisse. Teikningane må vise høgde og utføring. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Teikningar – kva krevst?</i> »	
Eventuelt søknad om dispensasjon *. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre føresegner, er det krav om grunnlagt søknad etter § 19-1 i plan- og bygningsloven. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Dispensasjon».	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Dei firesifra nummera til høgre i tabellen viser til blankettnummeret for byggesaksblanketten som du finn på Direktoratet for Byggkvalitet sine sider.

Norsk Kommunalteknisk Forening www.kommunalteknikk.no

STØTTEMUR

STØTTEMUR**3. Søknadspliktig støttemur med krav om ansvarlege føretak etter plan- og bygningsloven § 20-3:**

Kva type støttemurar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
Andre støttemurar enn dei som er nemnt i tabell 1 og 2.	Søknaden må bli send inn av føretak som tar på seg ansvar som <u>ansvarleg søkjar</u> , eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som <u>sjølvbyggjar</u> . At du skal bli godkjent som <u>sjølvbyggjar</u> , krev at du har nødvendig kompetanse sjølv, eller at du knyt til deg nokon med slik kunnskap.
Send inn søknaden i eitt eksemplar. Ifølgje SAK10 § 5-4 skal han innehalde:	
Søknadsblankett , inkludert erklæring om ansvarsrett for søkjar nr. 5174*, 5175* og ev. 5184* og 5187*	
Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gjeve i nabovarsel. Naboar og gjenbuarar skal bli varsla. nr. 5155 og 5156 Dersom det blir søkt om dispensasjon, må det bli varsla særskilt om dette. Du kan ikkje sende søknaden til kommunen før frist for nabomerknader har gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Nabovarsel –innhald og varslingsmåtar</i> ».	
Eventuelle merknader frå naboar , med forklaring på korleis desse eventuelt er tatt omsyn til.	
Situasjonsplan. Kartet må vere av ny dato, og du kan bestille det hos kommunen. Plasseringa av muren må vere tydeleg markert, til dømes med farge på kartet, og måla på avstandar må vere sett. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Situasjonsplan – kva krevst?</i> »	
Teikningar i målestokk, t.d. 1:100, eller skisse. Teikningar må vise høgde på muren og utføring. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Teikningar – kva krevst?</i> »	
Gjennomføringsplan med oversikt over ansvarsområde inndelt i godkjeningsområde og etter tiltaksklasse, kontrollområde, ansvarlege føretak og gjennomføring av oppgåvene. nr. 5185*	
Erklæring om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og eventuelt kontrollerande nr. 5181* og ev. 5184* og 5187*	
Eventuelle uttalar og avgjerder frå andre styresmakter som nemnt i SAK10 § 6-2 (vegstyresmakt osb.)	
Eventuelt søknad om dispensasjon *. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre føresegner, er det krav om grunnitt søknad etter § 19-1 i plan- og bygningsloven og byggeteknisk forskrift (TEK 17) § 6-4. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Dispensasjon</i> ».	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Dei firesifra nummera til høgre i tabellen viser til blankettnummeret for byggesaksblanketten som du finn på Direktoratet for Byggkvalitet sine sider

Nokre råd og føresetnader når du skal setje opp støttemur:

Du må passe på at støttemuren

- Blir plassert i den avstanden fra eigedomsgrensa som er tillaten.
- Ikkje hindrar frisisiktsoner mot veg.
- Ikkje på noko punkt blir bygd høgare enn maks tillaten høgde over terreng.
- Blir tilpassa terrenget og eventuelle andre murar i nærleiken.
- Blir utforma på ein estetisk god og tiltalende måte både i seg sjølv og i forhold til omgivnadene.
- Blir plassert heilt nøyaktig mot veg/gateside. Om du ikkje er heilt sikker på eigedomsgrensa di mot vegen/gata bør du bestille påvising av grenselina frå kommunen.
- Blir sikra mot at nokon fell ned dersom muren er høgare enn 0,5 meter.
- Blir bygd slik at han følgjer krava til konstruksjonstryggleik.

Dersom det er offentlege vass- og avløpsleidningar i nærleiken er det lurt å kontakte kommunen for å avklare kvar leidningane ligg, slik at muren ikkje blir til ulempe for vedlikehald av leidningane.

Når kan du begynne å byggje?

Om støttemuren du skal byggje ikkje er søknadspliktig, kan du begynne å byggje med ein gong du har avklart at vilkåra for unntak frå søknadsplikt er oppfylt.

Om støttemuren du skal byggje er søknadspliktig, kan du begynne tre veker etter at søknaden er mottatt av kommunen, dersom følgjande vilkår er oppfylte etter § 21-7 i plan- og bygningsloven:

STØTTEMUR

- Søknaden er komplett, det vil seie at han inneheld all nødvendig informasjon
- Oppføring av bygget er i samsvar med gitte føresegner eller i medhald av pbl (er i samsvar med arealplan eller dispensasjon er innhenta på førhand).
- Det er ikkje nødvendig med ytterlegare løyve, samtykke eller uttale frå anna styresmakt etter SAK10 §6-2.
- Det ikkje ligg føre merknader frå naboar. ^{*)}
- Kommunen ikkje har gitt deg melding om forlenga frist for sakshandsaminga etter SAK10 §7-3.

^{*)} Dette vilkåret gjeld ikkje når støttemuren er slik at du etter kommunen si vurdering kan søkje sjølv utan å bruke ansvarlege føretak. Sjå tabell 2 og pbl § 21-7 tredje ledd.

Er ikkje desse vilkåra fylte, må du vente med å byggje til du har fått skriftleg løyve frå kommunen. Kommunen har då frist på 12 veker til å gi deg svar. Sjå pbl § 21-7.

Når den søknadspliktige muren er ferdig bygd, skal du som tiltakshavar / ansvarleg søkjar be kommunen om ferdigattest.